

Brukarutvalet i Sogn og Fjordane

Årsmelding 2016



1 Brukarutvalet 2016



Frå venstre:

Audun Nedrebø - FFO

Solfrid Fossberg - SAFO

Alfred Brusegard- Fylkesrådet for funksjonshemma

Bjørg Solheim - Sogn og Fjordane pensjonistforbund

Vidar Vie- Helse Førde

Gerd Bjørkedal - FFO – Leiar

Jarle Vindedal – FFO - nestleiar

Gry Sætre - SAFO

Svein Lundevall -FFO

Gerd Torkildson - Kreftforeningen

Kurt Even Andersen - KS/Førde kommune

Varamedlemmar til utvalet møter etter nærare avtale og desse er:

Solfrid Lillebø - FFO,

Hege Rosvoll- SAFO

Bertil Meek - Sogn og Fjordane pensjonistforbund

Lisbeth Merethe Johnsen – Kreftforeningen

Grete Fure - Råd for funksjonshemma

Carl Thorodd Cock – FFO

Kirstin Bruland – KS/Jølster kommune

Sekretariat/tilretteleggarar for utvalet

Administrasjonsrådgjevar Randi Holsen Solheim

2 Aktivitet og oppgaver

Brukarutvalet har gjennom 2016 vore samla til fem utvalsmøter og eit arbeidsmøte der det har vore handsama 34 saker av varierende storleik. Møtereferat og aktuelle presentasjonar frå alle BU-møta er elles tilgjengelege på heimesida til Helse Førde for nærare orientering.

I dette arbeidsåret er det naturleg å framheve utvalet si involvering i arbeidet med Pasientens helseteneste som det største og kanskje viktigaste utviklingsområdet. Dette er ei vidareføring av forrige års arbeid med verksemdsmessig utviklingsplan som i korte trekk handlar om å ta budskapet i nasjonal sjukehusplan på alvor. Fyrste halvår var utvalet representert både i faggruppa som konkretiserte handlingsplan for arbeidet, og i programstyret. Her var det lagt eit godt grunnlag for eit stort og viktig arbeid som vil prege tenestene og samhandlinga i årrekkjer framover.

Utover dette har medlemmane delteke på ulike konferansar og vore engasjerte i avtalearbeid og ulike prosjekt. Fleire av utvalsmedlemmene har halde innlegg på konferansar og seminar lokalt i Helse Førde og Sogn og Fjordane, men og på regionale og nasjonale konferansar.

Andre saker der BU har vore involvert:

- Fagnettverk eldremedisin og geriatri
- Pasienttryggleiksprogrammet.
- «Alle møter»
- Lytteposten
- Barn som pårørande
- Aktuelle styresaker i Helse Førde (i kvart møte)
- Kreft- og kreftpakkeforløp
- Pasienterfaringsundersøkingar
- Arealplan
- Ulike kvalitetsforbetringsprosjekt
- Diverse samhandlingsprosessar.

I august tok utvalet del i fellessamling i Bergen for alle brukarutvala i Helse Vest. Å møte representantar frå andre brukarutval i felles region er alltid nyttig. Fokuset i dette møtet var personvern og tryggleiksutfordringar knytta til IKT-system når journalar no vert tilgjengeleg på internett gjennom «Min pasientjournal». Pasient- og brukaromboda i regionen var også tilstade og presenterte seg og sitt arbeid.

Deltaking i arbeid med samarbeidsavtalar mellom Helse Førde og kommunane

Brukarutvalet har også i 2016 vore representert ved Svein Lundevall i det faste avtaleutvalet som har styrt avtale-arbeidet på vegne av koordineringsrådet. Gjennom dette og ved egne saker i utvalet, uttalar m.m. har brukarutvalet hatt høve til å medverke i avtalearbeidet. Rammeavtalen mellom Helse Førde og kommunane føreset at brukarutvalet skal ha reellt høve til å uttale seg i høve aktuelle samarbeidsavtalar.

Deltaking i ulike råd og utval

Brukarutvalet er representert med ein eller to medlemmer inn i ulike råd og utval som t.d

- Styringsgruppa i Forbetningsprogrammet
- Kvalitetsutvalet
- Koordineringsrådet
- Klinisk etisk komité
- Matpanelet
- Klinikkråd PHV
- Styringsgruppa for tematiske forskningsmidlar

3 Rekneskap

Brukarutvalet har ikkje hatt eige budsjett, men budsjettramma er fastsatt av føretaksleiinga. Kostnad: Møtegodtgjersle m/ reiser til ordinære utvalsmøter, samt prosjektmøter, kurs, seminar og kongressar.

4 Tilrettelegging for utvalet /oppsummering

Også dette året har utvalet hatt fokus på korleis ein kan sikre handsaming og innflytelse i dagsaktuelle saker på tvers av føretak og kommunehelsetenesta, og det vart utarbeidd fast møtestruktur og årshjul for utvalsmøta. I samband med dette vart det teke avgjerd om at utvalet skulle besøke dei ulike lokasjonane i Helse Førde – og i september var utvalet på Nordfjord sjukehus. I tillegg til omvisning og orientering om drifta frå stadleg leiar Tone Holvik og Arild Nøstdal, fekk utvalet også innblikk i samhandlingsrutinar med kommunane i Nordfjord. Utvalet lot seg imponere over den gode samhandlingsmodellen som er etablert i Nordfjordregionen.

Utvalet har vore godt nøgd med representasjonen frå Helse Førde ved viseadministrerande direktør og informasjonen som har vore gitt om m.a. aktuelle styresaker. Det same gjeld representasjonen og engasjementet frå KS/kommunane ved kommunalsjef i Førde kommune.

Det er stor aktivitet i det felles brukarutvalet i Sogn og Fjordane i 2016, og alle medlemmane er engasjert og deltek i ulike avtalearbeid og mange prosjekt. Utvalet opplever at dei kan komme med innspel og medverke positivt til forbetring av tenester. Samstundes må det kontinuerleg arbeidast med å halde oppe medvitet om behovet for at brukarar kan delta som aktive samarbeidspartnarar – både på system- og individnivå. Brukarutvalet i Sogn og Fjordane har som målsetting å sy sterke saumar, ikkje saumlause tenester.

Sekretærfunksjonen for utvalet har gjennom året vore ivareteken av helseføretaket, som saman med leiar har sikra sakliste og førebuingar til møta der ein har søkt å samanstillе dagsaktuelle saker til BU både frå HFD og kommunane.

På tampen av året utarbeidde utvalet eit høyrings svar til utkastet for felles nasjonale retningslinjer for brukarutval.

15.12.2016

Gerd Bjørkedal

- Leiar-